



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato  
19.12.2016  
Dykkar dato  
«REFDATA»

Vår referanse  
2016/15898 520  
Dykkar referanse  
«REF»

Jon Inge Nesse  
Elsåsvegen 109  
5912 Seim

### **Svar på søknad om dispensasjon fra søknadsfrist til regionalt miljøtilskot (RMP) 2016**

Vi viser til brev frå Lindås kommune dagsett 13.12. og dykkar søknad, dagsett 29.11.2016 om fritak frå søknadsfristen for Regionalt miljøprogram 20.09 inneverande år.  
Fylkesmannen hadde kontakt med sakshandsamar i Lindås kommune på telefon og fleire e-postar i samband med utgått søknadsfrist.

#### **Vurdering:**

Føretaka har alltid eit sjølvstendig ansvar for å sette seg inn i vilkåra gitt i tilgjengeleg informasjonsmateriell og å søke på korrekt måte om tilskot. Ufullstendige eller urette søknadar vert normalt avviste.

I samband med søknadsomgangen til RMP 2016 var søker i kontakt med kommunen for å få hjelp til utfylling av søknad. Kommunen tok kontakt med Fylkesmannen.

Grunna fleire meldingar om tekniske problem med søknadsskjemaet til RMP, gav Fylkesmannen ei generell opning til 26.september for å få inn søknadar som var påbegynt innan fristen 20.september, men ikkje formelt levert.

Sakshandsamar i Lindås kommune var i kontakt med Fylkesmannen om problemet med din førebelse søknad fleire gonger. 27.sept pr. telefon bad Fylkesmannen føretaket sende ein søknad om utsett søknadsfrist snarast mogleg, slik at ein korrekt søknad kunne komme på plass. Jf. § 24 i forskrifta til Regionalt miljøtilskot (RMP) kan Fylkesmannen i særlege høve dispensere frå reglane. Ein slik dispensasjon krev alltid ein formell søknad frå føretaket.

Lindås kommune har hatt skifte av tilsette i perioden, og informasjon har sannsynlegvis vorte vekke på vegen og søker har difor ikkje sendt søknad om utsett arbeidsfrist før no.

#### **Vedtak:**

På bakgrunn av vanskar og uavklart situasjonen av tilsette i Lindås kommune, vert det gjeve dispensasjon frå søknadsfristen i RMP. Ny frist er 5.01 2017

Vedtaket kan påklagast. Klagefrist er tre veker frå mottatt svar, klagen vert stila til Landbruksdirektoratet, men sendt til Fylkesmannen i Hordaland

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Kari Beate Mostad  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ